

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Nordalund

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fjell

Emne: Bordskikk til hverdags

Bygdelag: Sive luten

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Nessjøen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Vin sat ved bordet til alle måltider.
- 2) Det vanlige var, at hule huslyden sat ved same bord, og det er sameleis idag og.
- 3) Her er ingen skildnad på husbonnsfolk og tenarar i so måte. Dei er alle samestundes.
(Her er ikkje mange gardbrukarar i Fjell, som har framande tenarar idag. Dei er vanskeleg å få tak i, og månadslona er høg)
- 4) For 50 år sidan var det slik, at tenarane måtte ta til lakke med ringare mat enn husbonnsfolke; men det er hilt slutt med det.
- 5) Ja.
- 6) Søndagar og andre høgtidsdagar, (og når ein har gjester) vert bordet dekket i stova, og alle er ved same bord.
- 7) Det vert gjerne slik, at både unge og eldre tar plass

24.
ved bordet, der dei er van til
å sitja. Men det er ingu
„uforvikkelig“ regel.

Husfarene sine plass er alltid
øst ved bordet, og kona (hvis mora
ved hans sida.

8) Det er ein ukjent skikk
her, at borna måtte stå ved
bordet når dei fekk seg mat.

9) Huskonens plass ved bordet
heiter ikkje høgssetet, no lengur.

10) I ei moderne innrettet
stova (matstova) er matbordet
plassert omlag mitt på golvet.
Hedersplassen ved bordet vert då
ved den langsida (av bordet) som
er lengst frå døra.

Derifrå har ein oversikt over
alle ved bordet, og over dei
som kjem inn, og dei som går
ut av stova.

11) Ein tok ikkje det so
nøye for i tida. No er det
fast skikk at folk vaskar
hendene for dei går til bords,
i alle høve til middagsbordet.

og vit ikkje at mannfolk
har sett seg til bords for
å få seg mat, med hua
eller hatt på hovudet.

Det har alltid vore helde for
simpli atferd.

12) For omlag 50 år sidan var
det vanleg skikk, at to eller tre
åt grønt av same fatet.

Rjomekolla (römmekolla) vart
og ite ilag av so eller tre
menneskje i hüslyden.

Tillus kopp til graütasül har
ikkje vore brükt her. Både
born og vaksne fekk kvar
sine kopp, og den var av
steinty. Men me vilde idag
kalla det ringt steinty. Glassirum
var sprükkun både innvendig
og ıvvendig. Den vanlege måten
å eta graüt og mjölk: Ein
stakk skeia i graütun, tok
småttog på humle, og deretter
ned i mjölkkekoppen (graütasüle)
og so skeia med innhald til
münnen. Folk var meir

nöysamme den gongen, og mykje
meir takksamme for måten ein
folk flest idag.

Hvis det vert kokt graüt ein
hende gong no, so er det
av finaste sort mjöl eller gryn
og helst berre mjölk til smök,
og når han vert servert, lyt
det helst vara både smör
og sükker oppå graütun.

So er det ut glas mjölk til
som vert drükke i små portjonar.

For 40 - 50 år sidan var graüt
av ymse sortar mjöl (grynmjöl og
havremjöl) mykje brükt til
kveldsmat, med sür mjölk atåt.
Idag er det te og smörbröd

til kveldsmat i dei fleste
husholdningar, pluss ein ^{likke} portsjon med
saltmat.

13) Eg veit ikkje om, at gryta
har vore sett på bordet.

Her på Sobra (Sartorøy) ^{har} det
vore brukt mykje fisk og
sild, fersk og saltet, til middags-
mat, og den vart servert varm.

Fisk på fat og lever i ei
stor skål, og so flatbrød til.

14) Det var aftast til middag
ein hadde fisk og lever, og
da var det å laga seg lite.

Det var fyrst flatbrød, og
so fisk og lever, og oppå
det 2-3 kokte poteter.

Det var god og kraftig mat.

15) Det vert ansett som ikkje
heilt korrekt; men ikkje som
dårlig bordskikk.

16) Det ser ein i det heile ikkje,
og vert ansett som mindre god
bordskikk.

17) Nøyaktig kva tid, er vanskeleg
å seia; men dei siste 30 åra
har gaffelne vore i bruk her.

Ja, det kann eg godt hugsa,
og her er mange eldre folk
som ikkje kann, eller berer seg
om å bruke gaffel idag og.

18) Mennene brukte tollekniven
sin ved bordet istaden for
bordkniv for 60-70 år sidan,
kvinnene hadde vist eit slag

bordkniv den gongen og; men dei var vel allt anna den rustfrie.

19) Eg kann minnast, at bestefar hadde si eiga skjei, og når han var ferdig med maten (måltidet) sette han henne ifrå seg under bjelken i stova. Han vilde ikkje at nokon skü vaska henne heller. Det var ei horn-skjui.

Etter tre og horn-skjuer, kom det aluminiums-skjuer i bruk. No er det mest sylv-skjuer som er i bruk frå 40 til 100% sylv.

20) Det var komen steintallerker i bruk for hundra-årskifte. Dei hadde noko som likna på tallerker av tre.

Ja, frå fellspat til djupe tallerker både til grøut og suppe.

21) Til kvardags brukte ein ikkje bordduk. Det gjer ein ikkje idag heller. Eg minner då duk av lin eller bomull.

Hvit påsydd duk brukast til helgedagar, og når ein har framande. Han vert teken av bordet, når ein er ferdig med måltidet.

22) Voksduk er det ein brukar til kvardags, anten bordet er malt eller umalt.

23) Idag er det slik, ein kvar kann forsyne seg sjölv, og det har vore det vanlege i lang tid.

Men det har ikkje alltid vore slik. Det er vanskeleg å augi årstal for overgangen fra gamal skikk og bruk med mat og drikke.

Men eg trur eg er dei faktiske tilhøva nokso nær når eg seier, at inntil 1910 var det hushovda som etla maten til kvar enkelt, born og vakkne, i husholdet. Det galt i serleg min kaffi-maten.

24) Potetkaker og skjive vart etla til kvar, og mannfolka fekk alltid ei kaka eller to meir enn kvinnfolka.

25) Det var den vanlege oppfatning at kvinner trong mindre mat.

26) Det beror mykje på kor forsege barnet er. Summe born kann eta utan hjelp i 3 års alderen, andre ikkje får i 6-7 års alderen, og dei får forsyne seg sjølv frå den alderen eg har nemnt. Mora er den som hjelper småbarna mest; men farin og andre søskjen lyt mange gonger hjelpa til med det.

27) Før i tida var det vanleg, at mora lagde (laugg) maten og gav barnet.

Småbarn fekk og noko som var kalla "kåta". Det var eit stykke tynt lærret som ein la inn eit par skjive med fin grønt, (grøntu inni lærretet)

so batt ein band före, slik at det vart ei "tåta", hadde sukker utanpå, og slakk det i munnene på barnet. Og barnet låg i voggja og likke seg.

Den siste 40 åra har det ikkje vore brukk. tåta her.

28) I dei fleste huslydar lis ein bordbön, både före og etter maten. Er det barn i huset er det gjerne eit av dei som lis. Det kann ells vara anten far eller mor som lis bordböna.

29) Å snakka ved bordet medan ein åt, har alltid vore tillatt. Husbonden hadde ei viss myndighet, og det var ikkje heldigt å seija han imot. ells deltok alle i samtalen. Omlag sameis er ^{det} idag og.

30) Å skrattle ved bordet var upassande (og er det); men ein künde både smila, og le påligt.

31) Det må ein nærmast seija var forbütt. Me har eit gammalt ord som lydar slik: "Mannen visste ikkje at kjeringa var galen för ho song medan ho åt."

32) Det var god bordskikk å sitja ved bordet til alle var forsynt.

33) För ikkje seija det var ^{vanlig} skikk, men det forckom i einstilde heimar, at borna sa takk för maten til far og mor, og tenarane sa

takk for maten til husbondsfolke.

34) Før i tida sa dei alltid:

„Signe maten“. Eldre folk seier det idag og; men det vanlege er når framande kjem inne under måltidet å seija: „Velbekomme“.

35) Var det ein slektning som kom, måtte han sjølvakt vara med til bords. Var det andre künde det vara so ymse.

36) Er det ein kjenning vert han eller ho som oftast bydd kaffi og mat.

37) Når nokon kom på gjestebod skulde dei alltid ^{ha} særskilt krakement. Det er slik idag og.

38) Nei, ikkje alltid og til alle.

39) Idag sit gjestene saman med huslyden på kjøkkenet.

I berlege høve vert det dekkja på i stova, og då må helst husmor eller uinkvan vara der og iunderhalda den framande, medan han får seg mat.

40) Det er vanleg skikk, at den framande vert beden om å forsyne seg. Det venta gjerne den framande vert sakt; men ikkje å verta nødd.

41) Som før nemnt er det skikk, at den som dekkja på bordet til gjestene vert i stova og snakka med vedkomande, medan han eller ho forsyner seg.

Og det er ofte at husmor eller ho som set fram maten, drikk kaffi og koser seg saman med gjestene.